



DEN NORSKE KYRKJA

Protokoll frå møte i Kyrkjeleg fellesnemnd for Ullensvang, Jondal og Odda

Dato og tid:	Saker:	Arkiv:	Møtestad:
03.04.19 kl. 10:30 – 12:00	011/19 – 014/19		Odda soknehus

Til stades: Magne Hus (nestleiar, fungerte som leiar), Berit Tuvin, Steinar Tokheim, Marianne Eide, Lars Måkestad, Margrethe Ølberg (vara for geistleg representant), Olav B. Hus (kommunal representant).

Kyrkjeverje Gerd R. Bu.

Prosjektleiar Liv Eirill Evensen.

Forfall: May Søfteland. Vara Airin Nesse møtte (til sak 014/19).

Arild Hellesøy. Vara Margrethe Ølberg møtte.

Meldingar:

- * Innspel, faggruppe B, prestar, diakon, trusopplærarar (2 dokument).
- * Innspel, faggruppe C, kyrkjetenarar, klokkarar, kyrkjegardsarbeidarar.
- * Referat frå møte 6 med dei tillitsvalde.

Saker:

011/19	Godkjenning av møtebok 12.02.19 og innkalling	
012/19	Endeleg organisasjonsstruktur med stillingsprosentar	(PSU)
013/19	Avtaler i fellesråda: gjennomgang og aksjonar	
014/19	Assisterande kyrkjeverje. 50 % stilling	(PSU)

Meldingar:

Referat frå møte 6 med tillitsvalde:

I PSU bad Stormyr om at spørsmål frå tillitsvaldemøtet takast med inn i kyrkjeleg fellesnemnd:

«Korleis skal tillitsvald ivareta rolla si i ei sak som vert gjort ikkje offentleg? Skal dei tillitsvalde reknast som offentlegheita i eit slikt tilfelle, eller som ein del av verksemda?»

Spørsmålet vart lest opp og teke med i protokollen.

Meldingane vart tekne til orientering.

011/19 Godkjenning av møtebok og innkalling

Saksbakgrunn:

Godkjenning av møtebok frå møte i kyrkjeleg fellesnemnd 12.02.19.

Godkjenning av innkalling og sakskart.

Framlegg til vedtak:

1. Møtebok frå 12.02.19 vert godkjend.
2. Innkallinga og sakskartet vert godkjende.

Handsaming:

Marianne Eide fekk ordet.

Brev til opplesing i kyrkjeleg fellesnemnd frå Laila Bergsagel. Brev vert vedlagt protokollen.

Vedtak:

1. Møtebok frå 12.02.19 vart godkjend.
2. Innkallinga og sakskartet vart godkjende.

Vedlegg: Framlegg til detaljert organisasjonskart. (Må skrivast ut i fargar.)

Saksbakgrunn:

Kyrkjeleg fellesnemnd vedtok i sak 023/18 det overordna organisasjonskartet for nytt fellesrådsområde.

Kyrkjeverjestillinga i det nye fellesrådet er nå plassert, slik at stillingsprosentar elles kan fastsetjast i detalj i det overordna kartet. Vedlagte organisasjonskart syner prosent for kvar stillingsheimel som eksisterer i dag, med nokre mindre forslag til endringar. Stillingsbrøkane som er foreslått endra frå nosituasjonen er merka i raud skrift, med noverande prosent i svart parentes.

Med omlegging av kyrkjelege fellesråd får vi i utgangspunktet 110 % overtalige kyrkjeverjepresentar. I det overordna, vedtekne organisasjonskartet er det plassert inn ei assisterande kyrkjeverjestilling. Prosjektleiari meiner at det vil høve med ein 50 % stillingsressurs til denne stillinga. Med ei slik ordning vil det verta ei 60 % stilling i stillingsreduksjon blant kyrkjeverjene.

Prosjektleiari har desse forslaga til auke i andre stillingsprosentar:

- Auke i trusopplærarstillinga i Jondal frå 10 til 15 %

Grunngjeving: Ei 10 % stilling er for lita til å kunna konsentrera seg om eit heilskapleg opplegg.

(Odda har til dømes, med ei 50 % stilling og 4 sokn, om lag 12.5 prosent stilling på kvart sokn.)

- Auke i kyrkjetenarstilling i Ullensvang (Utne) frå 30 til 35 %

Grunngjeving: Utne kyrkje har stor aktivitet og fungerer nærast som ei arbeidskyrkje.

Kyrkjegardsarbeidarstillinga i Jondal vart formalisert ved vedtak i Jondal sokneråd i oktober 2018, fastsetjing av arbeidsbehov – tidlegare dugnadsinnsats (Jondal sokneråd, sak 07/18.) Stillinga vart ikkje finansiert opp og bør difor reknast som ein auke på 50 % stilling i organisasjonskartet. (Merk at det i det tidlegare organisasjonskartet, side 2, var sett opp 25 + 7 % stilling i Jondal fordelt på kyrkjetenar og kyrkjegardsarbeidar, medan i saka frå Jondal sokneråd er desse notert som 32 % stilling som kyrkjetenar.)

Organisasjonskartet som heilskap inneber med dette inga innsparing og ingen auke i stillingsprosentar frå situasjonen i dag.

Det kan verta naudsynt å vurdere eit tilkallingsvikariat for kyrkjetenaroppgåver i Odda. I Odda er arbeidspresset stort og situasjonen sårbar.

Skissert bemanning føreset at alle dei opplista stillingsprosentane vert finansierte.

Helg i Hardanger har hatt løna redaktør på utsida av organisasjonskartet. Helg i Hardanger-gruppa arbeider med saksgrunnlag for vegen vidare for felles kyrkjeblad. Her vil det kome opp eigen sak i fellesnemnda.

Merk at kyrkjeverja har – etter vedteke delegasjonsreglement – mandat til å tilsetja i engasjement på inntil 6 månader.

Framlegg til vedtak:

1. Endeleg organisasjonsstruktur med stillingsprosentar vert vedteke.
2. Kyrkjeleg fellesnemnd føreset at alle stillingsprosentar vert finansierte.

Uttale i partsamansett utval:

Det er positivt at dei tilsette er ivaretekne.

Magne Hus vil i fellesnemnda foreslå at dei tre auka stillingsprosentane i organisasjonskartet vert handsama separat, etter slik modell:

- Dei to stillingane som er foreslått auka med 5 % skal handsamast i samband med budsjettframlegg til kommunen,
- Kyrkjegardsarbeidarstillinga i Jondal skal opp som eigen sak, helst i neste møte.

Handsaming:

Forslag frå Magne Hus:

«Dei tre auka stillingsprosentane i organisasjonskartet vert handsama separat, etter slik modell:

- Dei to stillingane som er foreslått auka med 5 % (trusopplærar Jondal, kyrkjetenar Utne) skal handsamast i samband med budsjettframlegg til kommunen,*
- Kyrkjegardsarbeidarstillinga i Jondal skal opp som eigen sak, helst i neste møte.»*

Vedtak:

1. Endeleg organisasjonsstruktur med stillingsprosentar vart vedteke, med slikt atterhald:
 - Dei to stillingane som er foreslått auka med 5 % (trusopplærar Jondal, kyrkjetenar Utne) skal handsamast i samband med budsjettframlegg til kommunen,
 - Kyrkjegardsarbeidarstillinga i Jondal skal opp som eigen sak.
2. Kyrkjeleg fellesnemnd føreset at alle stillingsprosentar vert finansierte.

Vedlegg: Avtalegjennomgang. (Må skrivast ut i fargar.)

Saksbakgrunn:

Kyrkjeverjene har gått gjennom alle avtaler i eksisterande fellesrådsområde og kome med tilrådingar for handtering av den einskilde avtalen. Avtalene gjeld for heile spekteret av drifta av Den norske kyrkja lokalt, med alt frå straumavtaler til bokkjøp og grasstell. Resultatet har vorte eit omfattande dokument i tabellform kor Ullensvang sine avtaler er i blå tekst, Jondal sine i svart tekst og Odda-avtalene har grøn skrift. Vurderingar, tilrådingar og konklusjonar frå kyrkjeverjene kan gå litt inn i kvarandre, men i kolonnen lengst til høgre ser de endeleg tilråding frå prosjektleiar. Nokre vurderingar frå kyrkjeverjene er bytta ut med tekst i rødt skrive av prosjektleiar.

Prosjektleiar har gjort nokre rettingar og tilpassingar for at det skulle verta mogleg å handtera omfanget, og sett på alle tilrådingane. Dei tre partane har mykje til felles og fleire gode moglegheiter for felles storavtaler, men samstundes finst det òg mange lokale, godt innarbeidde og vel fungerande avtaler som ein lyt halda på også i fortsetjinga – der det høver. Det vil også vera mogeleg å sjå på fleire felles løysingar i framtida, når organisasjonen har «sett» seg.

Kyrkjeleg fellesnemnd har allereie fatta vedtak om kommunal rekneskapsløysing og at Ecclesia skal nyttast som program for gravplassforvaltninga. Dei andre løysingane for IKT og telefoni må handsamast i eigen sak i kyrkjeleg fellesnemnd i neste møte.

Grunna kompleksiteten i avtaleomfanget har prosjektleiar merka kvar avtale med forslag til vedtak etter følgjande mal:

VEDTAKSKODE I KYRKJELEG FELLESNEMND:

1 = Oppfølging av kyrkjeverja i det aktuelle fellesrådsområdet i dag, med løysing klar innan 2020.

2 = Oppfølging av prosjektleiar/ evt. felles sak i kyrkjeleg fellesnemnd i 2019/ felles avtale.

3 = Kyrkjeleg fellesnemnd følgjer kommunen/ kommunal løysing.

4 = Oppfølging ikkje naudsynt/ munnleg avtale/ tradisjon/ ikkje formalisert avtale.

5= Nytt fellesråd følgjer opp.

Underkoder:

S = Skal seiast opp av kyrkjeverja.

V = Skal vidareførast lokalt under nytt fellesrådsnamn. Ansvar: kyrkjeverja.

F = Felles løysing. Prosjektleiar følgjer opp med ny avtale.

Det vil vera nyttig å ha denne oversikta framfor seg medan ein går gjennom skjemaoversikta over alle avtalene.

Med denne fordelinga av ulike typar aksjonar får kvar kyrkjevevje ein god del å gjera med eigne avtaler, samstundes som prosjektleiar får ansvar for dei større, felles avtalene (og eige fellesråd). Det er viktig at arbeidet vert prioritert høgt alle stader, sidan ein «glipp» her kan gje mykje meirarbeid og meirkostnad for nytt fellesråd. Ein må nok likevel rekna med at nokre avtaler kan vera gløymde og må takast fatt i seinare.

I tidlegare sak om kontorstruktur vart fellesnemnda einige om at *om* det kom til nye utgifter ved kontorstrukturen, måtte ein sjå på løysinga på nytt. Avtalegjennomgangen reiser nokre spørsmål knytt til eigedomstilhøva for driftsbygg/kontor i Jondal, og leige av dette for nytt fellesråd. Her lyt det verta ei avklaring på kva for instans (fellesråd/sokneråd) som eig lokala før ein kan gå vidare med arbeidet. Om fellesrådet skal leiga av soknerådet, må det skrivast ein avtale.

Avtaleoppsettet er gjennomgått i arbeidsgruppe 5 (økonomi og avtaler) i møte 14.03.19.

Framlegg til vedtak:

1. Alle avtaler merka med vedtakskode 1 i avtaleoppsettet skal den einskilde kyrkjevevja handtera innan 2020.
2. Alle avtaler merka med vedtakskode 2 i avtaleoppsettet skal prosjektleiar handtera innan 2020.
3. I alle avtaler merka med vedtakskode 3 i avtaleoppsettet skal kyrkjeleg fellesnemnd følgje kommunen/ nytta kommunal løysing.
4. Prosjektleiar orienterer kommunal fellesnemnd om vedtaket i punkt 3 over.
5. Alle dei andre avtalekodene skal følgjast så langt som råd er innan 2020. Arbeidsutvalet får mynde til, etter tilråding frå prosjektleiar, å endra avtalekode på inntil 5 avtaler utan nytt vedtak i kyrkjeleg fellesnemnd.
6. Avtaler som ikkje er handsama etter vedlagte oppsett innan 2020, og nye løysingar for avtaler, skal framtidig kyrkjevevje handtera.

Handsaming:

Prosjektleiar orienterte.

Gerd. R. Bu informerte om at e-postløysing for Ullensvang-tilsette hastar grunna utfasing av eksisterande løysing for e-post.

Forslag til nytt vedtakspunkt frå Magne Hus: «*Kyrkjeleg fellesnemnd gjev prosjektleiar fullmakt til å få e-postsystemet på plass så raskt som mogleg.*»

PL lyt ta med i vurderinga at kommunen nyttar Google-løysing.

Vedtak:

1. Alle avtaler merka med vedtakskode 1 i avtaleoppsettet skal den einskilde kyrkjeverja handtera innan 2020.
2. Alle avtaler merka med vedtakskode 2 i avtaleoppsettet skal prosjektleiar handtera innan 2020.
3. I alle avtaler merka med vedtakskode 3 i avtaleoppsettet skal kyrkjeleg fellesnemnd følgje kommunen/ nytta kommunal løysing.
4. Prosjektleiar orienterer kommunal fellesnemnd om vedtaket i punkt 3 over.
5. Alle dei andre avtalekodene skal følgjast så langt som råd er innan 2020. Arbeidsutvalet får mynde til, etter tilråding frå prosjektleiar, å endra avtalekode på inntil 5 avtaler utan nytt vedtak i kyrkjeleg fellesnemnd.
6. Avtaler som ikkje er handsama etter vedlagte oppsett innan 2020, og nye løysingar for avtaler, skal framtidig kyrkjeverje handtera.
7. Kyrkjeleg fellesnemnd gjev prosjektleiar fullmakt til å få e-postsystemet på plass så raskt som mogleg.

Saksbakgrunn:

I sak 012/19 vert endeleg organisasjonsstruktur med stillingsprosentar vedteken. Dei to kyrkjeverjene som ikkje har fått tilbod om kyrkjeverjestillinga har i dag slike stillingsstorleikar:

- Ullensvang 50 % stilling. Gerd Rosten Bu.
- Jondal 60 % stilling. Laila Bergsagel.

Ved oppretting av den nye organisasjonen vert to av leiarane i dag automatisk overtalige. Det inneber at fellesnemnda skal tilby dei andre oppgåver – om det finst ledige stillingsprosentar.

Det vert ledig ei 50 % stilling som assisterande kyrkjeverje. Denne stillinga bør plasserast raskt med tanke på organisasjonen og drifta framover. Assisterande kyrkjeverje vil arbeida tett i lag med kyrkjeverja, og vil få ei viktig rolle i den nye organisasjonen. Oppgåvefordelinga mellom kyrkjeverje og assisterande kyrkjeverje må koma til i nært og fleksibelt samspel, og vekse fram over tid.

Det er naturleg at stillinga som assisterande kyrkjeverje vert lyst ut internt mellom dei to kyrkjeverjene som ikkje har fått jobbtilbod enno. Her bør arbeidsutvalet kunna gjera jobben med å tilsetja.

Prosjektleiar skal etter kvart over i rolla som kyrkjeverje for det nye fellesrådet. Prosjektleiar vil difor verta framtidig leiar for den assisterande kyrkjeverja, og bør sitja i tilsetjingsutvalet.

Framlegg til vedtak:

1. Stillinga som assisterande kyrkjeverje i 50 % stilling vert lyst ut internt. Det er berre Gerd Rosten Bu og Laila Bergsagel som kan søka.
2. Prosjektleiar får mandat til å skriva utlysingsteksta. Teksta skal formidlast til dei to kandidatane innan 5. april kl. 12:00. Søknadsfristen vert 12. april klokka 12:00 til prosjektleiar.
3. Arbeidsutvalet utgjer tilsetjingsutvalet, prosjektleiar deltek som framtidig kyrkjeverje. Tilsetjing skal skje seinast 26. april.
4. Arbeidsutvalet utarbeider arbeidsavtale med vedkomande som vert tilsett.

Uttale i partsamansett utval:

Det var 3 medlemar som tok til orde for utsetjing av saka. Forslagstillar: Anne Karin Stormyr.

Uttale elles ikkje sett.

Handsaming:

-

Vedtak:

Samrøystes.

Vedtaket er:

1. Stillinga som assisterande kyrkjeverje i 50 % stilling vert lyst ut internt. Det er berre Gerd Rosten Bu og Laila Bergsagel som kan søka.
2. Prosjektleiar får mandat til å skriva utlysingsteksta. Teksta skal formidlast til dei to kandidatane innan 5. april kl. 12:00. Søknadsfristen vert 12. april klokka 12:00 til prosjektleiar.
3. Arbeidsutvalet utgjer tilsetjingsutvalet, prosjektleiar deltek som framtidig kyrkjeverje. Tilsetjing skal skje seinast 26. april.
4. Arbeidsutvalet utarbeider arbeidsavtale med vedkomande som vert tilsett.